

OFFENTLEG MØTEPROTOKOLL

Utval: Personal og økonomiutvalet
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 31.03.03 **Tid:** 08.30

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 5 medlemmer møtte 5 , inkl. 0 varamenn:

Andre som var tilstade på møtet: Adm.sjef og ass.adm.sjef
Kommunekasserar møtte ved handsaming av sakene 12 og 15.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 01.04.2003.

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart godkjent med sak 16/03 som tilleggssak.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent.

UTVALET SITT KVARTER:

Ole Totland etterlyste kva som har skjedd med søknad om redusert fartsgrense i Eikedalen. Det vart opplyst at dette var m.a. teke inn i trafikksikringsplan som var vedteken i utval for oppvekst og omsorg 26.03.03.

Han viste og til møte med BIR der dei gav tilbakemelding om at renovatøren skulle ta med seg papp/papir som vart plassert ved sidan av papirkontainar som fylgje av at denne var full. Det var særleg aktuelt når ein hadde kjøpt inn større varer – møbler t.d.

Administrasjonen vil retta førespurnaden vidare til BIR

Magda Haugen etterlyste framdrift for gjenbruksstasjonen.

Det vart opplyst at den skal stå ferdig i juni. Ordføraren orienterte om at ho seinast i forrige veke hadde teke spørsmålet opp med BIR. Dersom det viser seg at framdriftsplanen ikkje held, vil kommunen krevja ein innsamlingsdag.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Stupebrett i Ospevika: BUK har tidlegare løyvd kr 4.000. Det bør vera mogleg å få dei med på ei tilleggsfinansiering. Ut over dette bør det nyttast av avsette kulturmidlar – barne og ungdomsplanen. Arbeidet vil verta utført av Bergen og Omland Friluftsråd.

Utlyse **Frøland skule** til leige. Saka skal handsamast av kommunestyret.

Sak om evt. sal av **Marielund** og evt. ny legebolig. Særleg aktuelt i samband med bustadbygging på Lønnebakken og arbeidet med tilrettelegging av bustader for funksjonshemma.

Bommene i Kvittingen: Kommunen melder til BKK om at bommen skal tilbake til der han sto tidlegare. Arbeid/utgreiningar ut over dette vil verta prioritert i andre halvår.

Gruva: Teknisk skal prioritera arbeidet med kommuneplanen først, truleg kan arbeidet med å sjå nærare på tilhøve knytta til Gruva verta starta opp i sommar. Det vert teke sikte på at det vert lagt fram ein statusrapport med tiltak til kommunestyret i september.

Innkjøpsavtalen med Bergen kommune og praktisering av innhenting av tilbod vert drøfta i eit notat som vert sendt til Samnanger Næringsforum til høyring i løpet av våren.

Vassverket skal offisielt opnast i løpet av våren.

Høgfartsbanen vart diskutert i og med at ordføraren har fått ein førespurnad frå Samningen om kommunen vil engasjera seg i planarbeidet for ein slik bane. Utvalet slutta seg til tidlegare konklusjonar i debattar der banen er vorten diskutert, nemleg at me er skeptiske og avventande.

Beiband: Adm.sjefen orienterte om tilbod frå Kvamnett. Med dette tilbodet vil dei fleste innbyggjarane få tilgang gjennom radiobølgjer i luft. BKK har og gjeve tilbod til kommunale bygg ved at det vert lagt fram fiber til desse. Det vert i desse dagar drøfta kva tilbod dei kan gje til innbyggjarane, noko som vil skje ved radiobølgjer. Det vert tre moment som må vurderast før ein vel leverandør: Kvaliteten, pris på investeringane, og driftsutgiftene. Ordføraren orienterte om brev frå Norsk pensjonistforbund avd. Hordaland om etterinnmelding i **pensjonsordningane for Anna Utskot**, og svar frå ordføraren.

Legevaktsamarbeidet med Fusa: Det vart orientert om drøftingar som har vorte halde med Fusa, kva økonomiske innsparingar eit evt. samarbeid basert på 7-delt legevakt (4/7 på Fusa og 3/7 på Samnanger) ein ville få. Legane i Samnanger ønskjer ikkje i dag eit slikt samarbeid, men ønskjer noverande ordning med 3-delt legevakt. Dette vart orientert om også til utval for oppvekst og omsorg. Det vart vist til møteprotokollen frå dette møtet. Personal- og økonomiutvalet viser til uttale frå Oppvekst og omsorg og presiserar at tilgangen på legar og tilsetning av desse må vera første prioritet før eit evt. samarbeid.

Adm.sjefen orienterte om samarbeid om felles **landbruksteneste** mellom Os, Samnanger og Fusa, og at dette arbeidet vert lagt fram for kommunane i løpet av mai. Desse kommunane søker allereie no fylkesmannen om midlar til felles landbruksplan.

SFO: Administrasjonen held fram med arbeidet med rammeplan for Sfo-tilbodet i Samnanger, og legg fram som avtalt ei sak til Pø- utvalet og kommunestyret til juni-møtet.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0012/03	02/00400 SYMJEHALL (BASSENG) - SAMNANGER UNGDOMSSKULE
0013/03	02/00494 SKULE OG BARNEHAGESTRUKTUR -VAL AV ALTERNATIV SOM SKAL UTGREIAST NÆRARE
0014/03	03/00047 KJØP AV NY TELEFONSENTRAL.
0015/03	03/00088 BUDSJETTENDRINGAR 2003
0016/03	03/00008 TILLEGGSLØYVINGAR 2003. KRISESENTER FOR KVINNER

0012/03

SYMJEHALL (BASSENG) - SAMNANGER UNGDOMSSKULE**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune står ovanfor to alternativ til bassengløysing. Utvalet må ta stilling til om administrasjonen skal utgreie nærare kostnad og utbyggingstilhøvet med nytt basseng på Gjerde skule, eller om kommunen skal starte prosessen med å rehabilitere ”gamle bassenget”.

Handsaming i møte:

Administrasjonen startar ei utgreiing for å sjå nærare på om det er mogleg å plassere eit nytt basseng på Gjerde skule, der det m.a. vert lagt vekt på økonomiske og arkitektoniske sider. Det bør og vurderast om basseng kan samordnast med å utvide tal klasserom, og korleis ein eventuelt kan plassera ein ny barnehage her.

Vedtak:

Det vert føreteke ei utgreiing for å få klarlagt om det er mogleg teknisk å få plassert eit nytt basseng på Gjerde skule. I den samanheng skal det og vurderast om dette kan samordnast med å utvida tal klasserom, og kvar ein evt. kan plassera ein ny barnehage. Til leige av konsulent skal midlar avsett i budsjettet nyttast.

0013/03

SKULE OG BARNEHAGESTRUKTUR**-VAL AV ALTERNATIV SOM SKAL UTGREIAST NÆRARE****Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune må ta stilling til det vidare arbeidet med skule og barnehagestrukturen i Samnanger kommune. Uansett alternativ bør kringsgrensene for barneskulane vert oppheva. Utvalet må velje dei alternativa som skal verte utgreidd nærare, samt setje av midlar til dei utgreiingar som dei finn nødvendig i det vidare arbeidet.

Handsaming i møte:

Utvalet drøfta saka og fatta samrøystes vedtak.

Vedtak:

Til å forestå det vidare arbeidet vert det sett ned følgjande arbeidsgruppe:

3 foreldrerepr. (leiar frå FAU – alle tre skulane)

2 politiske repr./skuleeigar (1 frå PØ/leiar: Arne Jørgensen, 1 frå OO)

1 Utdanningsforbundet

2 administrasjonen (sekretariat)

BUK og Barnas representant er høyringsinstansar.

Gruppa skal leggje fram tilråding om den framtidige skule- og barnehagestrukturen i Samnanger kommune, med utgangspunkt i dokumentet utarbeid av administrasjonen sine

alternativ: A, B, C. Arbeidet må forankrast i kommunen sin økonomi og det må koma fram forslag til kostnadseffektivisering og vurdering av kvaliteten for brukarane ved val av framtidig skule- og barnehagestruktur.

Tidsplanen: arbeidet skal verte lagt fram for kommunestyret i septembermøtet.

Arne Jørgensen er leiar for gruppa.

0014/03

KJØP AV NY TELEFONSENTRAL.

Framlegg til vedtak::

###Samnanger kommune inngår kontraktsforhandlingar med TeleCom Bergen AS for levering av ny framtidig telefoniløysing til kommunen, for inntil kr. 190.000 for fase 1. Midlar til fase 2 vert forsøkt innarbeidd i økonomiplanen 2004-07.

Det vert føreteke fylgjande budsjettjusteringar for å finansiere sentralen:

Konto nr. 1.1200.1204.2000 telefonsentral vert sett opp med kr. 125.000

Konto nr. 1.1200.1204.0100 vert sett ned med kr. 10.000

Konto nr. 1.1200.1204.2700 vert sett ned med kr. 20.000

Konto nr. 1.1200.1800.4900 vert sett ned med kr. 95.000

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Samnanger kommune inngår kontraktsforhandlingar med TeleCom Bergen AS for levering av ny framtidig telefoniløysing til kommunen, for inntil kr. 190.000 for fase 1. Midlar til fase 2 vert forsøkt innarbeidd i økonomiplanen 2004-07.

Det vert føreteke fylgjande budsjettjusteringar for å finansiere sentralen:

Konto nr. 1.1200.1204.2000 telefonsentral vert sett opp med kr. 125.000

Konto nr. 1.1200.1204.0100 vert sett ned med kr. 10.000

Konto nr. 1.1200.1204.2700 vert sett ned med kr. 20.000

Konto nr. 1.1200.1800.4900 vert sett ned med kr. 95.000

0015/03

BUDSJETTENDRINGAR 2003**Framlegg til vedtak::**

###

Det vert føreteke fylgjande budsjettjusteringar på driftsbudsjettet for 2003:

Konto nr	Utgift opp	Utgift ned	Inntekt opp	Inntekt ned	Justert budsj
1.1400.3200.8901			565.000		855.000
1.9000.8000.8000			2.450.000		40.110.000
1.9000.8000.8740			107.000		4.207.000
1.9000.8400.8000				2.450.000	30.827.000
1.9000.8400.7004				22.000	178.000
1.9000.8400.8101				6.000	240.000
1.1602.2223.1800	100.000				
1.1602.1300.1800	50.000				
1.1200.1800..4900	494.000				

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Det vert føreteke fylgjande budsjettjusteringar på driftsbudsjettet for 2003:

Konto nr	Utgift opp	Utgift ned	Inntekt opp	Inntekt ned	Justert budsj
1.1400.3200.8901			565.000		855.000
1.9000.8000.8000			2.450.000		40.110.000
1.9000.8000.8740			107.000		4.207.000
1.9000.8400.8000				2.450.000	30.827.000
1.9000.8400.7004				22.000	178.000
1.9000.8400.8101				6.000	240.000
1.1602.2223.1800	100.000				
1.1602.1300.1800	50.000				
1.1200.1800..4900	494.000				

0016/03

**TILLEGGSØYVINGAR 2003.
KRISESENTER FOR KVINNER**

Handsaming i møte:

Utvalet var samd i at det skulle løyvast kr 5.000 til tiltaket, og at midlane skulle hentast frå konto for tilleggsøyvingar.

Vedtak:

Krisesenteret for kvinner i Bergen for tildelt kr. 5.000. som tilskot til drifta for 2003. Utgiftene skal førast på post 1.3002.2330.3700 og dekkjast ved bruk av tilleggsøyvingar.